



Notat

Dato: 27.03.2015
Arkivsak: 2015/85-14
Saksbehandlar: rolrose

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Bruk av busslomme ved Horisont kjøpesenter i Åsane

På møte i samferdseleutvalet den 18. mars 2015 stilte representanten **Gustav Bahus** (FRP) spørsmål om den busslomma som fylkeskommunen har forskottert ved kjøpesenteret Horisont i Åsane er teken i bruk.

Både eigedomsseksjonen og samferdselsavdelinga i fylkeskommunen, samt Skyss var i dialog med utbyggjar før den aktuelle busslomma vart bygd. Vurderingane som blei gjort i 2011 og akseptert av utbyggjar var at ein var positiv til at det blei etablert ei slik lomme. Det blei presisert at ein på eit seinare tidspunkt vil ta stilling til eventuell bruk. Bruken av lomma vil mellom anna vere avhengig av framkomsten for busstrafikken i området og om/når det er mogleg å køyre buss gjennom Åsane senterveg. Den aktuelle busslomma har vidare ei god plassering for elevar som nyttar buss til U. Pihl vidaregåande skule. Hordaland fylkeskommune planlegg og ny vidaregåande skule som samlokalisering med U.Pihl vgs.

I samband med opninga av kjøpesenteret var det dialog mellom utbyggjar og Skyss om bruken av busslomma. Utbyggjar ynskte at busslomma vart teken i bruk. Frå Skyss si side vart det peika på at det er elleve busslinjer som trafikerar Salhuskrysset. For å nytta det nye stoppet ved Horisont må bussane køyra ein omveg. Mellom anna går stamlinje 4 på denne traseen. Stamlinjene skal ha høg frekvens og få «omkøyringar» på traseen. Skulle ein nytta stoppet ved Horisont ville dette medført auka rutetid (køyretid) på linja. Ut frå Skyss si vurdering ville dei reisande ha følt det som ein «omveg» å nytta dette stoppet. Avstanden frå stoppet som bussene vil nytta på veg nordover er ca 130 meter til Horisont. Avstanden frå Horisont til busstopp mot sør (mot Bergen sentrum) er ca. 200 meter.